



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

NVE

## Adresseliste

Vår dato: **27 FEB 2014**

Vår ref.: NVE 200901815-06, 201006240-09,  
201201019-10, 201300101-07 /bth og lami

Arkiv: 312

Deres dato:

Deres ref.:

Sakshandsamarar:

Brit T. Haugen 22 95 90 89

Lars Midttun 22 95 97 93

## Fleire søkjarar - Søknader om løyve til å byggje fire småkraftverk i Rissa, Åfjord og Verran - høyring

NVE har motteke søknader frå fleire søkjarar om løyve til å bygge fire småkraftverk i kommunane Rissa, Åfjord og Verran. Søknadene skal handsamast på same tid og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ynskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla viss det er aktuelt.

**Roksetbekken kraftverk** i Rissa kommune, vil nytte eit fall på 161 m med inntak på kote 186 og kraftstasjon på kote 25. Det er planlagt røyrgate i nedgraven/nedsprengt grøft over ei strekning på ca. 1030 m. Det vil bli bygd ny veg på 40 m inn til kraftstasjon og 30 m ny veg inn til inntaket. Middelvassføringa er 530 l/s og det er søkt om ei maksimal slukeevne på 1190 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,6 MW og skal etter planen produsere 5,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 1100 meter i Roksetbekken. Søkjar har planar om å sleppe ei minstevassføring på 40 l/s heile året.

**Grovlia kraftverk** i Åfjord kommune, vil regulere Grovlivetnet med 0,8 m og nytte eit fall på 145 m med inntak på kote 171 og kraftstasjonen på kote 26. Vatnet vil ledast i ein 920 m lang nedgraven/nedsprengt røyrgate. Frå Kroken og fram til kraftstasjonen må ein 500 m lang veg oppgraderast. Vidare er det planlagt å byggje ein 1350 m lang veg til Grovlivetnet. Middelvassføringa er 690 l/s og det er søkt om ei maksimal slukeevne på 1600 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,9 MW og skal etter planen produsere ca. 6,5 GWh/år. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei samla elvestrekning på 1500 meter. Søkjar har planar om å sleppe ei minstevassføring 38 l/s om sommaren og 27 l/s om vinteren.

**Trongstadlia kraftverk** i Åfjord kommune, vil nytte eit fall på 46 meter med inntak på kote 201 og kraftstasjonen på kote 155. Frå inntaket ledast vatnet i ein 1030 m lang tunnel i fjell og vidare i ein 120 m lang nedgraven røyrgate til kraftstasjonen. Det vil bli bygd ny veg på 180 m til inntaket og 150 m til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 5,6 m<sup>3</sup>/s og det er søkt om ei maksimal slukeevne på 12,6 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,9 MW og er berekna til å produsere 12,3 GWh i eit middels

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

### Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

### Region Nord

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

### Region Vest

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

### Region Øst

Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

år. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 1,4 km i Amunddalselva. Søkjar har planar om å sleppe ei minstevassføring på 0,39 m<sup>3</sup>/s heile året.

**Selja kraftverk** i Verran kommune, vil nytte eit fall på 23 m med inntak på kote 229 og kraftstasjon på kote 206. Det er planlagt regulering på 3 m i Nerfjorden mellom kote 226 og 229. Vassvegen vil bli i tunnel over ei strekning på ca. 140 m. Det vil bli bygd ny veg på 500 m inn til kraftstasjon og inntak. Middelvassføringa er 8,0 m<sup>3</sup>/s og det er søkt om ei maksimal slukeevne på 16,0 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,6 MW og skal etter planen produsere 11 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 260 meter i Selja. Søkjar har planar om å sleppe ei minstevassføring på 300 l/s heile året.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Det er òg søkt om løyve for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline. Viss de ynskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med NVE v/ Lars Midttun tlf. 22 95 97 73.


NVE ber dei aktuelle kommunane leggje 2 eksemplar av søknadane ut til offentlig ettersyn på kvar av dei aktuelle stadane fram til 30.04.2014. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. NVE har utarbeida eit kart over alle kraftverka i regionen inkludert dei omsøkte kraftverka som no er på høyring, sjå vedlegg eller NVE sine nettsider.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring, til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast **innan 30.04.2014**. Det er og mogleg å sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Det kan ikkje påregnas å få utsett høyringsfrist.

Vi gjer merksam på at mottatte høyringsfråsegn blir publisert på sakens nettside på [www.nve.no](http://www.nve.no) etter høyringsfristen så fremt dei ikkje er unntatt offentlegheita. Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det derfor ein fordel om det vert lagt ved eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



system Grundt  
seksjonssjef



Brit Torill Haugen  
overingeniør

Vedlegg:      Søknader til kommunane  
                  Kunngjoringstekst  
                  Informasjonsark  
                  Oversiktskart  
                  Adresseliste



Søknader:

1. Roksetbekken kraftverk, Rissa kommune, Sør-Trøndelag
2. Grovli kraftverk med miljørapporten som heter Løfta kraftverk, Åfjord kommune, Sør-Trøndelag
3. Trongstadlia kraftverk, Åfjord kommune, Sør-Trøndelag
4. Selja kraftverk, Verran kommune, Nord-Trøndelag

**Adresseliste for:** Bygging av 4 småkraftverk i Rissa, Åfjord og Verran kommuner.

**Behandlast etter:** Vassressurslova

**Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gang i: "Fosnafolket", "Lokalavisa Verran Namdalseid", "Trønderavisa" og "Adresseavisen".**

Søknader (nr.)	Tal på søknadar	Navn/adresse
1	3	Rissa kommune, Rådhusveien 13, 7100 RISSA
2-3	3 av kvar	Åfjord kommune, 7170 ÅFJORD
4	3	Verran kommune, 7790 MALM
		Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Postboks 4710 Sluppen, 7468 TRONDHEIM
		Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Postboks 2600, 7734 STEINKJER
		Sør-Trøndelag fylkeskommune, Postboks 2350 Sluppen, 7004 TRONDHEIM
		Nord-Trøndelag fylkeskommune, Postboks 2560, 7735 STEINKJER
		TrønderEnergi Nett AS, 7496 TRONDHEIM
		NTE NETT AS, Postboks 2551, 7736 STEINKJER
		Rissa Kraftlag SA, Postboks 38, 7101 RISSA
		Statens vegvesen, Region midt, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
		Mattilsynet (distrikt Innherred og Fosen), Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL
		Sametinget, Ávjovárgeaidnu 50, 9730 KARASJOK/KÁRÁŠJOHKA
		Fosen/Njaarke reinbeitedistrikt, Terje Haugen, Sjøåsen, 7750 NAMDALSEID
		Direktoratet for mineralforvaltning Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
		Direktoratet for naturforvaltning, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM
		Norges padleforbund: Serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 OSLO
		Forum for natur og friluftsliv Sør-Trøndelag, c/o Naturvernforbundet, Sandgata 30, 7012 TRONDHEIM
		Forum for natur og friluftsliv Nord-Trøndelag, c/o Naturvernforbundet i Nord-Trøndelag, Postboks 132, 7702 STEINKJER
		Naturvernforbundet i Rissa, Vangen, 7100 RISSA
		Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag, Sandgata 30, 7012 TRONDHEIM
		Naturvernforbundet i Nord-Trøndelag, Postboks 132, 7702 STEINKJER
		Åfjord JFF, Postboks 16, 7169 ÅFJORD
		NJFF Sør-Trøndelag, Fossegrenda 26, 7038 TRONDHEIM
		NJFF Nord-Trøndelag, 7622 MARKABYGDA
		Fosen Turlag, Sandgata 30, 7012 TRONDHEIM
		Nord-Trøndelag Turistforening, Postboks 232, 7501 STØRDAL

		Norsk Ornitologisk Forening avd. Sør-Trøndelag, Boks 139, 7401 TRONDHEIM
		Norsk Ornitologisk Forening avd. Nord-Trøndelag, Postboks 68, 7501 STJØRDAL
Alle	1 av kvar	TBM – Tore Olav Sandnæs
Alle	1 av kvar	TBD – Dag Bachke
Alle	1 av kvar	ER – Fredrik Arnesen
Kopi		Småkraft AS v/ Martin Vangdal, Postboks 7050, 5020 BERGEN
Kopi		Skogkraft v/NTE Energi AS, Pb 2552, Sentralt fakturamottak, 7736 STEINKJER
Kopi		TrønderEnergi Kraft AS, Pb 9480 Sluppen, 7496 TRONDHEIM